

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00 Til kl. 21.00
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	16.11.21	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Sigurd Vikesland, May Britt Martinsen, Erling Nesbø, Leif Turlid.

**Vara-
medlemar**

Andre Knut Fredrik Øi, Håkon Øydvin, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

28/21, 29/21, 30/21, 31/21, 32/21.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.11.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 28/21. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker låg føre:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 8. juni
- 2) 9.6: Sogn og Fjordane tingrett – oppmoding om å gje uttale ved oreigningsskjønn
- 3) 10.6: E-post frå adv. firma Harris v/Kathrine Lien Mjell om at dei kan representera fjellstyret i oreigningsskjønn for 420 kv kraftline
- 4) 14.6: Brev frå NFS – Støtte til rekrutteringstiltak - friluftsliv for personar med invandrabakgrunn 2021
- 5) 21.6: Brev frå Hafslund Eco om vedlikehaldsarbeid ved dam Katlavatnet
- 6) 25.6: Nytt frå NFS – Tariffavtale for fjelloppsynet 2021
- 7) 29.6: Brev frå Statskog SF: Utbetaling av tilskot til fjellstyret sitt oppsyn i statsallmenning
- 8) 7.7: e-post frå NFS – auke på 5 mill. i refusjonsposten til fjellstyra
- 9) Juli -21: e-postveksling med Snædis Laufey Bjarnadóttir i verdsarvparken om infotavla ved kaien i Nordheimsdalen. Ny tekst og ny plassering.
- 10) 30.7: Oppdragsbekreftelse frå adv. firma Harris, oreigningsskjønn 420 kv-lina
- 11) Fiskedag for personar med invandrabakgrunn arrangert den 9. august, 15 deltakarar
- 12) Jegermøte for hjort-, elg- og reinsjakta halde den 12. august
- 13) 26.8: Synfaring med Statnett og fylkesarkeolog på traséen for ny 420-kv-leidning i området Soleiebakkane – Ertrahaug for å påvisa fangstanlegg som mangla i tidlegare kartlegging.
- 14) 26.8: Brev frå Miljødirektoratet med dispensasjon frå bestemmelsane om jaktlag for reinsjakt på statsallmenning
- 15) 31.8: Nye info-skilt om fiskekortsonene er laga og sette opp fleire stader
- 16) 21.9: e-post frå NFS: Etablering av styreansvar-/ansvarsforsikring for fjellstyra og gruppelivsforsikring for dei tilsette
- 17) 2.-3.10: Kvinneutvalet i Sogn og Fj. JFF si rypejakthelg for jenter vart gjennomført i Stemmerdalen 2.-3. oktober, med 6 deltakarar. E-post frå Heidi Ryum Marsh.
- 18) 4.10: Knut Fredrik Øi har fått innvilga 50 % permisjon i oktober, november og desember, i samsvar med søknad.

Aurland, den 22.11.21

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Aurland folkebibliotek

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.11.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 28/21, framhald:

- 19) Innspelsmøte i samband med ny forvaltingsplan for vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden Fretheim torsdag 18. november
- 20) Invitasjon til haustmøte for Hardangervidda villreinområde 4. desember, på Geilo
- 21) Ymse Innkjøp gjort i haust: 1. Båt med motor (brukt Pioner m. 4 hk Yamaha)
2. Mobiltelefon 3. Ny pc 4. Skuterdress tinga frå NFS
- 22) Hjortejakta i Nordheimsdalen, fellingsresultat til no i haust
- 23) Ymse prosjekt i Nordheimsdalen, avslutta eller under arbeid

Sak 29/21. Reinsjakta 2021, oppsummering

Fellingsstatistikken frå jakta låg føre. Harald orienterte om denne. Fjellstyret tok fellingsrapporten til vitande.

Sak 30/21. Fjellstyret sitt oppsynsbudsjett for 2021

Saksutgreiing med framlegg til oppsynsbudsjett låg føre.

Samrøystes vedtak:

Det framlagde oppsynsbudsjettet for 2022 vert godkjent og oversendt til Statskog SF.

Sak 31/21. Søknad frå jaktlag i Nordheimsdalen om å få redusert pris på felte bukkar grunna låge vekter

Saksugreiing og søknad låg føre.

Samrøystes vedtak:

Aurland fjellstyre avslår søknaden til Birger Underdal om redusert pris på felte bukkar grunna låge vekter, men vil justera gjennomsnittsvektene før ein går inn i ny leigeavtale med jaktfelt 1 i Nordheimsdalen.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.11.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 32/21. Jakttid for hjort i Nordheimsdalen i samband med sal av dagskort

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret vil tilby dagskort for hjortejakt i Nordheimsdalen ut januar månad. Det skal berre kunna fellast kalv og spissbukk (1,5 år) i valdet i januar.

Aurland, den 22.11.21

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Aurland folkebibliotek

